

**MØTEBOK****61/348 m.fl. Detaljregulering Port Steingardseid
PlanID202104 - 2. gongs handsaming**

Utval sak	Utval	Møtedato
12/23	Utval for plan og miljø	09.03.2023
12/23	Kommunestyret	15.03.2023

Vedlegg

- 1 Føresegner Port Steingardseid. 16.02.2023 revisjon etter høyring med spor endring.pdf
- 2 DREG 03.01.2023-A1.pdf
- 3 Vedlegg. 3872, Risikovurdering Port Steingardseid.pdf
- 4 Vedlegg. Notat marin naturkartlegging Kråko.pdf
- 5 Planomtale Port Steingardseid. 22.02.2023.pdf
- 6 Føresegner Port Steingardseid. 16.02.2023.pdf
- 7 Dialogmøte 2. februar 2023 - Fitjar - 61/348 m fl - Port Steingardseid - detaljregulering
- 8 Port Steingard. Notat i samband med dialog SFVL. 01.11.22.pdf
- 9 Dialogmøte og motsegn til offentleg ettersyn - høyring - Fitjar - 61 348 m fl - Port Steingard - detaljregulering.pdf
- 10 Merknad - Reguleringsendring Naustplan innenfor UNB3. Steingardsneset
- 11 Merknad til Reguleringsendring av Port Steingardseid.pdf
- 12 Reguleringsplan Port Steingard
- 13 61/383 m.fl. Kommentarer til 61/348 Reguleringsendring Port Steingardseid PlanID 4615202104
- 14 Vedlegg 1 Bilder fra Port Steingardseid - kommentarer til reg.endring PlanID 4615 202104.pdf
- 15 Vedlegg 2 Artikkel i bladet sunnhordland 08 aug 2022.docx
- 16 Dok.1 Kommentarer til 61 348 Reguleringsendring Port Steingardseid PlanID 4615 202104.pdf
- 17 Dok.2 Kommentarer til 61 348 Reguleringsendring Port Steingardseid PlanID 4615 202104.pdf
- 18 Merknad - Reguleringsendring Port Steingard 1.g høyring
- 19 Klage på reguleringsendring Port Steingardseid offentlig ettersyn PlanID 202104
- 20 Merknader til 61/348 Reguleringsendring Port Steingard PlanID 4615 202104
- 21 Merknader plan id 202104
- 22 Fråsegn til Port Steingardseid - gnr. 61 bnr. 348 m.fl - Fitjar kommune.pdf
- 23 61/348 Reguleringsendring Port Steingardseid PlanID202104 - 1. gongs handsaming

Bakgrunn:

Reguleringsplan for Kråko PlanID 200304 vart vedteken 24.09.2003. Etter dette er det vedteke 3 mindre reguleringsplanar og 19 delplanar for Kråko hytteområde.

Reguleringsplan for Port Steingardseid PlanID 201104 er frå 2012 og seinare endra. Bakgrunnen for endringa denne gongen starta med at Fitjar Islands har vakse ut av sine lokaler og vil føra opp eit nybygg for verksemda si i Port Steingard. Dette tiltaket er avhengig av ei endring/utviding av gjeldande reguleringsplan.

Tiltakshavar har funne det mest hensiktsmessig å revidere heile planen for Port Steingard i staden for ein ny plan kun for Fitjar Islands. Dette på bakgrunn at ein også har sett behovet for å gjera andre endringar i gjeldande plan for Port Steingard. Det er samstundes eit behov for å laga ein plan som dekkjer eit noko større område. Planarbeidet må også sjåast i samanheng med behovet for å føreta ei revidering av planmaterialet for heile Kråko.

Kommuneplan 2020-2040 samfunnsdelen opnar for fortetting i Kråko:

Fitjar er ein stor hyttekommune med Kråko som det store lokomotivet. Det er ønskeleg med vidare utvikling og fortetting her, og ein ny reguleringsplan er aktuelt.

Administrasjonen har hatt fleire møter med Kråko Utvikling før oppstart av dette planarbeidet der ein har kommt fram til ei felles forståing av at det er behov for ei oppgradering av planmaterielet på Kråko, og at det mest hensiktsmessige er å dela gjeldande reguleringsplan for Kråko opp i fleire mindre planar ved å revidera gjeldande delplanar og gjera dei om til detaljreguleringsplanar anten åleine eller ved samanslåing av nokre planar.


Det vart halde oppstartsmøte for Detaljregulering Port Steingardseid PlanID4615_202104 den 25.06.2021.

Utval for plan og miljø gjorde vedtak om godkjenning av oppstart av planarbeidet 15.07.2021 av utvalsleiar på sommarfullmakt.


Det vart meldt oppstart av planarbeidet 28.08.2021 ved kunngjering i bladet Sunnhordland, på heimesidene til Fitjar kommune og ved brev til offentlege høyringsinstansar, grunneigarar, naboar og andre berørte med merknadsfrist 21.09.2021.

Etter dette vart plangrensa utvida noko og nytt varsel om oppstart vart sendt på ei avgrensa høyring til nye berørte grunneigarar, nye berørte naboar og off. mynde/høyringspartar 19.11.2022 med høyringsfrist 20.12.2022.

Det kom inn 11 merknader til dei 2 høyringsrundane etter varsel om oppstart innan høyringsfristen. Desse er summert opp og kommentert i saksframlegget til 1. gongs handsaming.



Gjeldande reguleringsplan for Port Steingardseid – PlanID202204



Framlegg til ny plan – PlanID202104

Justeringar fram til 1. gongs høyring/off ettersyn:

Planframlegget utarbeidd etter høyringsfristen for varsel om oppstart er i det store og heile godt gjennomarbeidd og utgreidd. Administrasjonen har gjennomført planfaglege vurderingar og meldt desse attende til tiltakshavar. For Fitjar er det viktig at Kråko framstår som eit attraktivt hytteområde med skånsom utbygging og gode kvalitetar for opphald og naturopplevingar både i strandsone, i sjøen og på land. Planen må også sjåast i samanheng med pågåande reguleringsendring for den tilgrensande planen for Vesthaugane.

Tiltakshavar utførte ein del justeringar av planframlegget etter administrasjonen sine planfaglege tilbakemeldingar, og Kommunedirektøren la planframlegget fram til 1. gongs handsaming til møte i Utval for plan og miljø 21.06.2022.

Utval for plan og miljø gjorde slikt vedtak:

Utval for plan og miljø tilrår med heimel i PBL §12-10 at Reguleringsplan for Port Steingardseid PlanID202104 med plandokument datert 07-08.06.2022 kan sendast på 1. gongs høyring, og leggjast ut til offentleg ettersyn.



Merknader/fråsegner frå 1. gongs høyring:

Planframlegget vart sendt på 1. gongshøyring/off. ettersyn med høyringsfrist 8. august 2022.

Statsforvaltaren i Vestland kontakta deretter kommunen og tilbau dialogmøte både for denne planen og planendringa for Vesthaugane, og samstundes bad om utsett høyringsfrist til etter slikt dialogmøte var avholdt. Statsforvaltaren tilbyr alltid dialog når dei vurderer motsegn til reguleringsplanar, for å avklare og rydde av vegen eventuelle motsegnspunkt.

Dialogmøtet med Statsforvaltaren vart avholdt 01.09.2022 med deltaking frå Statsforvaltaren, ordførar, leiar PMU, kommunedirektør, plan og utvikling og SFLMK.

Innan høyringsfristen kom det inn XX fråsegner inkludert motsegn frå Statsforvaltaren. Alle fråsegner er lista opp og kommentert under av tiltakshavar og administrasjonen.

Nr	Uttale frå, Dato	Hovudmoment i merknad	Tiltakshavar si vurdering	Administrasjonen si vurdering
1	Direktoratet for mineralforvaltning, 30.06.2022	DMF ga fråsegn utan merknad til varsel om oppstart av planen 14. september 2021. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i området sidan dette. DMF har dermed ikkje merknadar til høyringa av reguleringsendringa for Port Steingardseid i Fitjar kommune	Teke til orientering.	Teke til orientering.
2	NVE, 20.07.2022	NVE gir ei generell tilbakemelding til planframlegget. NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.	Teke til orientering. Det er gjennomført ROS-analyse som har vurdert naturfare til å vera akseptabelt i planområdet.	Administrasjonen meiner planframlegget har i tilstrekkeleg grad tatt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn og vassdrag.
3	Fiskeridirektoratet, 21.07.2022	<p>Fiskeridirektoratet sin kartløsning Yggdrasil viser at det er registrert et gyteområde i Hjelmosen. I kommunen sin arealplan er arealbruk i tilsvarende sjøområde vist som «Fiske/Gyteområde». Hjelmosen og sjøområdene rundt Kråko brukes til fiske med tradisjonelle redskap som garn, line, ruse og teine, både av yrkesfiskere og fritidsfiskere. I sesong for fiske etter pelagiske arter som makrell, sild og brisling, er fiske med snurpenot vanlig i disse sjøområdene. Det er registrert en låssettings-plass i Kobbehola/Steingardseidosen ved innløpet til Hellandsfjorden.</p> <p>Planforslaget omfatter i alt 5 småbåtanlegg (SMB og SMS), dette gjelder i hovedsak eksisterende anlegg og utviding av disse. Det er planlagt 1 større småbåthavn (SH). Av hensyn til bevaring av marint biologisk mangfold og et godt marint miljø, er det viktig å understreke at småbåthavnen må drives miljømessig forsvarlig. Ved etablering og opparbeiding av</p>	Forhold til fiskeri er vurdert i planomtalen. Utforming og tiltak i for å etablere småbåt-hamna er endra sidan høyringsperioden. Det er ikkje tillatt med mudring eller større utfyllingar i sjøområdet. Tiltaka vil vera reversible tiltak. Ein meiner difor at det ikkje er nødvendig å gjennomføre avbøtande tiltak som Fiskeridirektoratet peiker på i sin uttale.	Administrasjonen er einig i tiltakshavar sine vurderingar.

		småbåthavn, ber vi om at tiltak i sjø som utfylling av masser og eventuell undersjøisk sprenging foretas utenom torsken sin gytetid som er fra slutten av januar til begynnelsen av mai.		
4	Fitjar Brannvesen, 22.07.2022	Når det gjeld sløkkjevassforsyning så må det leggjast til rette for sløkkjevassforsyning til nye utbyggingsområde, spesielt for F/K/I, NÆ1, samt for området KBA2. Dette må takast med i det vidare planarbeidet.	Teke til orientering.	Det er lagt inn som rekkefølgekrav i føresegner §10.2: Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn skal godkjennast av Fitjar kommune før anleggsstart. Fitjar kommune sin VA-norm skal følgjast. Før bruksløyve for VA-anlegget kan gjevast, skal det liggja føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, godkjent av kommunen. VA-planen må også ta høgde for tilstrekkeleg sløkkevatn
5	Vestland Fylkeskommune (VLFK), 04.08.2022	1. VLFK meiner det er positivt at planarbeidet har til hensikt å oppgradere planverket i henhold til dagens standard for detaljreguleringsplanar, samt at forslaget legg vekt på å sjå planområdet i heilskapleg samheng med tilgrensande planarbeid for Vesthaugane. 2. VLFK stettar plangrep om at overvasshandtering skal skje lokalt, og at areal utanfor byggegrensa og anna uteareal skal så langt mogleg bestå av vegetasjon etc. 3. Elektrifisering av køyretøy er eit viktig moment i omstillinga til lågutsleppsamfunnet. Til dømes vil det vere fremtidsretta å krevje at parkeringsplassane skal tilretteleggast for lading av elbil. Ordlyden i §§ 2.4.2. og 4.7.1 m.fl. bør difor endrast slik at dei som har	1. Teke til orientering 2. Teke til orientering 3. Føresegn §2.4.2 gir opning for å etablere el-lading, men ikkje krav. Det er ikkje alle parkeringsplassane det vil vera naturleg å etablere denne infra-	Administrasjonen meiner merknaden til VLFK er kommentert i tilstrekkeleg grad. Einig i at merknaden ikkje fører til nye endringar av planen.


		<p>behov for lading av elbil får moglegheit til å nytte seg av ladestasjon når prosjektet er realisert.</p> <p>4. Det er registrert landskap med stor verdi i planområdet. Det er difor positivt at planen sett krav til dokumentasjon av korleis utsikt, terrengtilpassing og andre tilhøve er teken vare på. Planomtalen kan gjerne tydeleggjere faktorar som er av betydning for korleis planen vil handtera gjeldande og framtidig terreng, gjerne i samanheng med overvasshandtering.</p> <p>5. Areal til t.d. som grønstruktur, friluftsføremål og badeområde er ein viktig brikke i arbeidet for inkluderande planlegging. Føresegna opnar mellom anna for etablering av aktivitetsområde, turstiar som følgjer eksisterande terreng, samt ein god del ålment tilgjengeleg område. Ettersom det ikkje vert stilt krav til opparbeiding av leikeareal kan verknader disse områda har på det sosiale miljøet til barn og unge beskrivast nærare. Dette gjeld også for naturlege samlingspunkt der fleire generasjonar kan delta i aktivitetar som ein del av fellesskapet.</p>	<p>strukturen på. Føresegna gir moglegheit for å etablere infrastrukturen, og tiltakshavar meiner det er tilstrekkeleg. Føresegna er ikkje endra.</p> <p>4. Teke til orientering. Planomtalen er omfattande med illustrasjonar og vurderingar. Den er ikkje endra.</p> <p>5. Forholdet til folkehelse, samt barn og unge sin interesser er skildra i kapitel 4.8 og vidare utgreia/ vurdert i KU for friluftsliv og strandsone, samt vurdert i eige kapitel 5.3. Innanfor planområdet er det lagt til rette for fleire område som kan nyttast til naturlege møteplassar. Slik som område BAA like sør i Port Steingard. Dette vil verta eit attraktivt område som skal opparbeidast som eit parkområde tilrettelagd med mindre fritidseiningar med stiar og leikeareal. Føresegnene gir at parkanlegget i BAA skal opparbeidast med soner for opphald og aktivitet tilpassa ulike aldersgruppe og funksjonsevne, og her kan det m.a verta lagt til rette for leikeplass. Planomtalen er omfattande og me ser ikkje</p>	
--	--	---	--	--

		<p>6. Planomtalen skildrar at det vil vere utfordrande å etablere turveggar med universell utforming grunna høgdeforskjellar i områda. Vi ønskjer at planomtalen i større grad gjer greie for kva av krava som ikkje er gjennomførleg, og kvifor det ikkje er mogleg å stetta krava til universell utforming. Vi ønskjer også at planomtalen tar for seg konsekvensane av å utforme utearealet på ein måte som ikkje møter behova til menneske med nedsett funksjonsevne.</p> <p>7. VLFK har utført arkeologisk registrering i planområdet juni 2022 og har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Dei har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskaps-trekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Sjøfartsmuseet melder at dei ikkje kjenner til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen.</p> <p>8. Fitjar har store naturverdiar. Det er difor bra at planen har regulert store areal til grønstruktur og friluftsføremål i plankartet og føresegna for å sikre at natur og landskapsverdiar ivaretakast på best mogleg vis. Endring som omregulerer frittliggjande-konsentrert strandhus til ordinære naust og naustbodar, samt legg til rette for etablering i klynger samsvarer med prioriteringane i regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Hardanger. For nyetablering av</p>	<p>behov for å gjer ytterlegare vurderingar.</p> <p>6. Forholdet til universell utforming er omtala i planomtalen, m.a. 5.3. Ein del av turvegane vil ikkje verta universelt forforma grunna ein ikkje ønskjer å planlegge for store terrenginngrep som vil ha store negative landskapsverknadar. Det er alternative løysingar i området, t.d. trasear, og det er sett krav til prinsipp om universell utforming i føresegn 2.2. Planomtalen er omfattande og me ser ikkje behov for å gjer ytterlegare vurderingar.</p> <p>7. Teke til orientering</p> <p>8. Teke til orientering</p>	
--	--	--	--	--

		kai og brygger mv. rår vi til å sikre gjennom føresegner at etablering må skje utan store, irreversible terrenginngrep.		
6	Fitjar kommune, teknisk avd., 06.08.2022	Det må utarbeidast VA-plan for utbygginga som er planlagt av tiltakshavar. For utbygginga legg ein til grunn at vedtatt VA- norm blir brukt. VA-plan skal godkjennast av VA ansvarleg i Fitjar kommune før igangsetjingsløyve vert gjeve.	Det er etablert og laga overordna VA-plan for Kråko. Det er i føresegnene sett krav til teknisk plan, jf. § 2.5.2. Planforslaget er ikkje endra.	Det kan ikkje gjevast løyve til nye tiltak etter planen før godkjenning av VA-plan føreligg. Dette er tilstrekkeleg lagt i føresegner. Det er lagt inn som rekkefølgekrev i føresegner §10.2: Teknisk plan for vatn, avløp og overvatn skal godkjennast av Fitjar kommune før anleggsstart. Fitjar kommune sin VA-norm skal følgjast. Før bruksløyve for VA-anlegget kan gjevast, skal det liggja føre «som bygd» dokumentasjon for anlegget, godkjent av kommunen.
7	Åse Kalstad og Eivind Fagerland Lindås, 07.08.2022	Merknadshavar er eigar av fritidseigedomen, «Brakavikjo» gnr/bnr. -61/65. Deira eigedom ligg rett over vika, nord for det området som er angitt som «Delplan Steingardsneset». I ny plan er naust områda gitt namna UNB2 og UNB3 og tilhøyrande flytebrygger SMB2 og SMB3. - Utgangspunktet positiv til endring frå strandhus/hytter til naustbygg. Dei er bekymra for at det på sikt kan verta gitt moglegheit for eller pålegg om endring til hytter med moglegheit for overnatting. Ønskjer tydeleg presisering av dette.	UNB1-3 er definert i føresegnene til å vera tradisjonelle naust. Forhold til byggehøgde: Reguleringsplan for Kråko er stadfesta 24.09.2003, og delplan Steingardsneset vedtatt 21.04.2010. Etter gjeldande planar kan ein her oppføra 7 strandhus og 8 brygger (4 doble). Gjeldande delplan er synt i kart under. Vidare er	Administrasjonen meiner det aktuelle naustområdet er definert med tydelege føresegner. Administrasjonen er einig med tiltakshavar om byggehøgder i gjeldande og ny plan. Administrasjonen meiner diskusjon kring trafikk i Kråkevegen er reell. Det vil

- Merknadar til byggehøgder på UNB2-3. Meiner ei naturleg byggehøgde er kote +5-7. Dei viser til at utforming av UNB2-3 er lik som UNB1, men meiner at terrenget gir at bygningane vil verta veldig dominante i UNB2-3.
- Generell bemerkning om at Kråkevegen bør oppdimensjonert for den auka trafikken til området. Det vert planlagt for høgare utnytting og fortetting på Kråko som heilheit. Dette antar dei vert teke i vare i ny teknisk plan, og viser til at det er ønskeleg at dette vert sett som rekkefølgekrav med angitt frist når ein vis % av planen er realisert.

forhold til byggehøgde samanlikna med dagnes delplan og planforslaget. Dette viser at planforslaget regulerer vesentleg lågare byggehøgde og ikkje tettande på naboeigedom enn dagnes delplan gjer. Planforslaget er difor ikkje endra på.




Byggehøgde i hht vedtatt delplan:		Forslag ny plan:
Tomt 18	12,62	12,00
Tomt 20	9,90	
Tomt 21	10,01	UNB2: Max byggehøgde variere mellom kote +7 og +9
Tomt 22	10,91	
Tomt 23	10,91	
Tomt 24	10,91	UNB3: Max byggehøgde kote +7 og +8
Tomt 25	11,50	
Tomt 26	12,33	

Det er ikkje regulert for utbetring av Kråkevegen i reguleringsplanen. Dette med utgangspunkt i at planframlegget ikkje regulerer for vesentleg auke i trafikken. Vegføringa er regulert likt som i reguleringsplan for Kråko 2003. Då dette er privat veg kan avbøtande tiltak med fartsgrense

vera svært krevande å auka dimensjonen på dagens veg. Det er nok betre med nye gangveggar/turstiar parallelt med Kråkevegen slik denne planen legg til rette for. Medfører ingen nye endringar i planen.

			og -humpar gjennomførast uavhengig av reguleringsplanen i regi av Kråko utvikling.	
8	Jan Erik Hansen 07.08.2022	Hansen peiker på eit generelle ting som ikkje er omtala; trafikk, trafiksikkerheit og støy. Med planframlegget vil mengda trafikk auke, også av næringstrafikk. Peiker på at farten ofte er høg og ønskjer fartsgrense 30 km/t, samt fartshumper der det er mest tett og uoversiktleg frå Ilderfaret til Port Steingard. Støy frå veg vil verta meir når trafikkmengda aukar, og ønskjer at det vert opna for at hyttar langs vegen kan sette opp støyskjerming. Synes også at det synd at det vert utbygd den delen av sandstranda inne i Port Steingard (BKA4), då dette burde vore del av stranda. Saknar at det ikkje er regulert og lagt til rette for leikeplass med utsyr. Det vil vera eit positivt bidrag og større opp under å få fleire til å bruke området.	Forhold til trafikk, trafiksikkerheit og støy er omtala i kapittel 4.11, 7.4, samt ROS-analyse. Det er ikkje regulert for utbetring av Kråkevegen i regulerings-planen. Dette med utgangspunkt i at planframlegget ikkje regulerer for vesentleg auke i trafikken i høve til gjeldande planverk. Vegføringa er regulert likt som i reguleringsplan for Kråko 2003. Då dette er privat veg kan avbøtande tiltak med fartsgrense og -humpar gjennomførast uavhengig av reguleringsplanen i regi av Kråko utvikling. I Kråko planen frå 2003 er det i § 2.1.8 ikkje opna for å sette opp gjerde/hekk/måte å markere tomtegrense. Dette er ikkje endra på i planframlegget. Den delen som i høyringsforslaget var BKA4 er i revidert planframlegg regulert til naust. Dette arealet er i gjeldande reguleringsplan for området også regulert til naust. Det er regulert to område for offentleg tilrettelagde parkområde. Innanfor BAA1 vil det naturleg verta lagt til rette	Administrasjonen meiner nye turvegar i planen i noko grad vil leda fotgjengarar/turgåarar bort frå Kråkevegen og soleis auka trafikktryggleiken. Planen har også vore på høyring hos vegmynde i kommunen. Fartsgrense 30km/t vil bli tatt opp i kommunen. Utløyser ingen behov for nye endringar i planen.

			<p>med m.a. leikeapparat, saman med andre tiltak som vil fremje bruk av området for fleire aldersgruppe.</p>	
<p>9</p>	<p>Terje Dahl, 07.08.2022</p>	<p>Klagar på høgde sett for naustområda UNB2-3, då han er nærmaste hyttenabo. Viser til at dette også var tema på starten av 2000-talet og den gang endra.</p>	<p>Reguleringsplan for Kråko er stadfesta 24.09.2003 og delplan Steingardsneset vedtatt 21.04.2010. Etter gjeldande planar kan ein her oppføra 7 strandhus og 8 brygger (4 doble). Gjeldande delplan er synt i kart under. Vidare er forhold til byggehøgde samanlikna med dagens delplan og planforslaget. Dette viser at planforslaget regulerer vesentleg lågare byggehøgde og ikkje tettande på naboeigedom enn dagens delplan gjer. Planforslaget er difor ikkje endra på.</p>	<p>Administrasjonen er einig med tiltakshavar om byggehøgder i gjeldande og ny plan. Medfører ingen nye endringar i planen.</p>



			<table border="1"> <tr> <td colspan="2">Byggehøgde i hht vedtatt delplan:</td> <td>Forslag ny plan:</td> </tr> <tr> <td>Tomt 18</td> <td>12,62</td> <td>12,00</td> </tr> <tr> <td>Tomt 20</td> <td>9,90</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Tomt 21</td> <td>10,01</td> <td>UNB2: Max byggehøgde variere mellom kote +7 og</td> </tr> <tr> <td>Tomt 22</td> <td>10,91</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Tomt 23</td> <td>10,91</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Tomt 24</td> <td>10,91</td> <td>UNB3: Max byggehøgde kote +7 og +8</td> </tr> <tr> <td>Tomt 25</td> <td>11,50</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Tomt 26</td> <td>12,33</td> <td></td> </tr> </table>	Byggehøgde i hht vedtatt delplan:		Forslag ny plan:	Tomt 18	12,62	12,00	Tomt 20	9,90		Tomt 21	10,01	UNB2: Max byggehøgde variere mellom kote +7 og	Tomt 22	10,91		Tomt 23	10,91		Tomt 24	10,91	UNB3: Max byggehøgde kote +7 og +8	Tomt 25	11,50		Tomt 26	12,33		
Byggehøgde i hht vedtatt delplan:		Forslag ny plan:																													
Tomt 18	12,62	12,00																													
Tomt 20	9,90																														
Tomt 21	10,01	UNB2: Max byggehøgde variere mellom kote +7 og																													
Tomt 22	10,91																														
Tomt 23	10,91																														
Tomt 24	10,91	UNB3: Max byggehøgde kote +7 og +8																													
Tomt 25	11,50																														
Tomt 26	12,33																														
<p>10</p>	<p>BENTOR AS Bernt Helge Torkildsen 25.08.2022</p>	<p>Underteikna er eigar av Storliholmen, gnr. 61/45. Meiner at areal til småbåthamn er ueigna til føremålet og at hamna vil kunne få dramatiske negative følgjer for dei marin økologiske forholda i området. Viser til at området er grunt og at Hellandsfjorden er sårbar terskelfjord. Graving og endring av forholda på botn i dei grunne områda saman med yttelegare auka menneskeleg aktivitet vil klart redusere/øydelegge den største grunnvass-stranda i Hellandsfjorden som habitat for viktige organismar på botn og dermed beiteområde for mange fuglar og dyr. Etablering av hamna vil auke motorisert ferdsel i området med tilhøyrande forureining og støy. Meiner at turistutbygginga vil ha negative verknadar for sårbart økosystem, og auke belastninga i form av gjødsling, menneskeleg nærvær og støy. Hellandsfjorden er under sterkt press og er ein oase av nasjonal verdi med rikt artsmangfald og sin stimulerande effekt på økosystem utanfor. Fiskeartar vil verta negativt påverka. Verknadane av utbygginga er vanskeleg å forutsjå for eit område som truleg allereie er stert belasta. Dei har hatt tilhaldsstad i Hellandsfjorden lenge og har observert ein dramatisk forverring av vasskvalitet og marint miljø, til tross for ein tilsynelatande marginal auke av menneskeleg aktivitet og inngrep i området. Det vert opplyst om at området i pollen vest og sørvest for Storliholmen, samt områda kring småbåthamna vert i dag mykje nytta som rekreasjonsområde der både barn og vaksne kan utforske strandsona, leike og bade under trygge forhold. Området er også nytta for pading og</p>	<p>Utforming av småbåthamna er endra etter høyring, og er no eit flytande konstruksjon som ikkje har innverknad på sjøbotn og skal ikkje vera til hinder for straum eller vasstilføring. Det er ikkje tillatt med utfylling eller mudring av sjøbotn. Den motoriserte ferdsele vil vera på utsida av skjera og der det er god djupne for småbåtar. Sjøområdet på innsida av holmen vil kunne verta bruk slik som i dag til umotorisert ferdsel og opphald. Det er ikkje opna for tiltak i den nære strandsona utover arealet for småbåthamn (bygg og brygge til sjølve hamna). Utleigehyttene er trekt inn på land, og det er opna for å tilrettelegg med sti nærmare sjøen. I dag er dette området mindre tilgjengeleg for folk pga. topografi og vegetasjon. Utbygginga mot Hellandsfjorden opnar område som er i mindre grad brukt i dag. Dei nye tiltaka vil medføre til auka menneskeleg aktivitet i området ifht. dagens situasjon. Det er elles på Kråko mange tiltak, samt det store</p>	<p>Administrasjonen meiner nedskaleringa og endringane som er gjort i småbåthamna etter motsegn og dialog med Statsforvaltaren og øvrige merknader er god.</p> <p>Det vil også bli vedtekne nye fartsforskrifter til sjøs i kommunen sitt sjøområde, bl.a. Hellandsfjorden seinare i vår.</p> <p>Medfører ingen nye endringar av planen.</p>																											


		<p>forskjellige brett aktivitetar, medan motorisert ferdsel er nesten fråverande pga. djupneforholda. Auka motorisert ferdsel i området er uønska og vil vera øydeleggjande for rekreasjonsaktivitetane. Dei stiller spørsmålsteget ved om det er behov eller grunnlag for å drive småbåthamn i Hellandsfjorden. Ser det i samanheng med å kunne dumpe massar i sjøen ifht. anna aktivitet i området.</p> <p>Vert vist til at strandsona og åsen ovanfor er i dag eit viktig hekkeområde og tilhaldsstad for mange fugleartar og anna dyreliv. Det er mellom anna hegre koloniar og svanefamiliar som har hekka og hatt tilhald her i tiår, samt tjeld, terner, gjøk og andre artar. Ei nedbygging av dette friluftsområdet (sjøområdet) og område med utleigehytter med meir vil etter deira meining kunne påføre regionen utbotleg skade ikkje berre som attraktiv rekreasjons-stad for fastbuande, hyttebuarar og tilreisande, men også for natur og dyreliv.</p>	<p>settefiskanlegget ved Kjærelva som er vendt mot Hellandsfjorden. Ein har vurdert at verknaden av småbåthamn og utleigehytter vil vera negativt for landskap, natur og friluftsliv, men avgrensa med tanke på sumverknad. Ein har i dialog med Statsforvaltar endra ein god del på utbyggingsføremåla mot Hellandsfjorden, m.a. er næringsføremål teke ut, småbåthamna endra utforming, samt nokre av utleigehyttene redusert i storleik. Basert på den dialogen har ein ikkje ønske om å endre meir i planframlegget til vedtak.</p>	
11	<p>Kari Johannesen på vegne av fleire hytteeigarar, Gnr./bnr. 61/383 61/381 61/45 61/195 61/548 61/549 61/83</p>	<p>Innspelet er eit felles skriv frå 7 hytteeigedomar. Det er skriv, samt henvising til bilde og artiklar om Kråko og Hellandsfjorden. Dei meiner at den nye reguleringsendringa kan endre Port Steingardseid frå eit hytteparadis til eit område rasert og forvandla til ein hytteghetto utan natur. Idyllen og sjela ved Kråko forsvinn meir og meir. To friluftsområde er søkt omregulert til hytter og industri/kontor/hotell. Den omfattande endringa vil medføre uoppretteleg skade på skog, natur, dyreliv og bumiljø. Dei stiller spørsmål ved at heile strandsona på Kråko kan byggjast ut, og at dette strid mot folk si oppfatning av handheving av strandsonelova. Den norske hyttedraumen er for dei fleste å finne ro, slappe av, sleppe støy og bråk, nyte stillheita og harmoni med dyrelivet. Dette forsvinn gradvis på Kråko. Dei meiner at hyttemiljøet vil verta</p>	<p>Planen vart handsama i siste politisk møte før sommaren 2022. Pbl krev minimum 6 veker høyring. Det vart gitt utvida høyringsfrist for dei som ba om det. Etter høyring av planforslaget er det gjort ein del endringar og i framlagt plan er følgjande endringar gjort på areala som vender mot Hellandsfjorden:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utforming av småbåthamna er endra etter høyring, og er no eit flytande konstruksjon som ikkje har innverknad på sjøbotn og skal ikkje vera til hinder for 	<p>Det er gjort omfattande endringar og nedskaleringar i tilhøve og områder merknaden retta seg mot. Mindre del av naturen blir nedbygt enn i første planframlegget.</p> <p>Forureining i Hellandsfjorden er noko kommunen må sjå på i ei eiga sak.</p> <p>Det vil også bli vedtekne nye fartsforskrifter til sjøs i kommunen sitt sjøområde, bl.a. Hellandsfjorden seinare i vår.</p>

	<p>endra ved at det er utleiehytter som vert bygd, og med det kontinuerleg tilfeldige bebuarar og turistar som ferierer der. Turistar tek ikkje omsyn eller bryr seg på same vis for å få eit godt miljø slik atom hytteeigarar eller fastbuande gjer. Det går ei grense for når ei utbygging har nådd eit maksimum for trivsel. Dei som allereie har kjøpt hytte og tomter på Port Steingardseid har kjøpt under andre føresetnadar enn planforslaget, og det vert ikkje det same å feriere der i framtida dersom denne store utbygginga vert ein realitet. Om signalbygg og hotell: Dei er kritisk til at det vert planlagt å bygge signalbygg og hotell av tenkt dimensjon i strandsona. Desse bygga kan lokaliserast andre stadar. Dei meiner at sjarmen og sjela forsvinn frå staden. Stiller vidare spørsmål om det er behov for hotell på Port Steingard med tanke på at «livet» på Kråko ligg nærmast brakk frå september til påske. Og om det er verdt å ofte friluftsområde til dette. Sti i bakkant av signalbygget: Hytteeiningar i dett er dei kritisk til. Og er det nødvendig å legge ein stien i ein så stor sving ned til sjø i staden for at den går rett ned. Friluftsområda ved Port Steingard framstår i dag som ein attraksjon. Desse områda med skog er dei einaste attverande friluftsområda på Port Steingardseid aust. Her er det m.a. observert hare, hegrekoloni, måkeartar, tjeld, gjøk, svanar, stålorm, hoggorm, røyskatt, ekorn, skrav med meir. Fleire av artane er sterkt utrydningstrua. Området her er ei viktig lunge for naturleik og oppleving, samt viktig lunge for natur og opplevingar. Dei stiller spørsmål til om Hellandsfjorden toler meir utbygging. Meiner at vasskvalitet og botnforhold, samt strandsone må utgreiast og utbetrast før større belastning. Viser til at det er illeluktande lag på sjøbotn og fettlag på toppen av vatnet. Ein kan ikkje bade i dette vatnet. Stiller spørsmål til kor all forureininga kjem frå, og om det er i samband med utsleppspunkt frå settefiskanlegget i</p>	<p>straum eller vasstiltføring. Det er ikkje tillatt med utfylling eller mudring av sjøbotn.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Føremål til hotell og kai er teke ut - Tre av utleiehyttene lengst nordaust er redusert i Storleik. I tillegg er det gjennomført marin naturtypekartlegging og sedimentprøvar i område for ny småbåthamn. Småbåthamna er m.a. justert på grunn av registrering av ålegraseng. Sedimentprøvane viser at det ikkje er forureina grunn på dei prøvepunktene som er teke. Det er i revidert plan ikkje opna for fylling eller mudring i sjø og såleis direkte påverknad på sjøbotn. I tilfellet uakseptabel vasskvalitet i området, er dette noko som kommunen må følgje opp i forhold med forureiningslova. Ein har framleis fremja turveg TV4, utleieeiningar, signalbygg F/K/I og hytter nord for signalbygget. Desse tiltaka vil, som merknadshavar peiker på, medføre utbygging i natur-/friluftsområde og med påfølgjande negativ verknad. Dette er belyst i planomtalen og konsekvensutgreiinga. Omfanget av tiltaka er redusert frå høyring til nytt planframlegg. Bakgrunnen for tiltaka i ny plan 	<p>Medfører ingen nye endringar av planen.</p>
--	--	---	--

	<p>Kjærelva og utslepp frå hyttefeltet. Stiller også spørsmålstegn ved plassering av skjelsand fleire stadar ved Port Steingardseid, og om dette er søkt om. Småbåthamna er planlagt tett på gnr. 61/195 si djupvasskai for større båtar og seglbåt opp til 50 fot. Manøvrering vil verta vanskeleg. Det er ikkje ønskeleg med auka båttrafikk pga. støy og høg risiko for ulykke med badane og dei som bruker kajakk, samt pga. den sterke forureininga og det sårbare dyrelivet her. Ein del av båtane som skal til gjestehamna er for store til kanalen og må gå ut Straumen. Så lenge det ikkje er maks fartsgrense her, vil det vera farleg å drive med umotorisert aktivitetar. Det vert allereie i dag opplevd som farleg. Dei viser til Fitjar kommune sin TS-plan og at prosessen med å regulere tryggleik på sjø må komme i forkant av eit vedtak om utbygging av gjestehamn. Stiller spørsmål ved om Kråko har potensial for å verta heilårs destinasjon. Dei meiner at Kråko og Hellandsfjorden er eit område eigna for aktivitetar på sommaren, og at det er kortsiktig å øydeleggje naturområde for alltid for å teste ut marknaden for heilårsaktivitet. Meiner at planen strid med intensjonen av at hytter skal byggjast slik at dei ikkje ruver på toppen av høgdedrag eller vera synlege i horisont. Frå alle kantar rundt Kråko ser ein i dag hyttene som er bygd på bergtoppane. Viser til at det er forvirring av type bygg, kva er reelle uthus og kva er små hytter ein kan bu i. I praksis er i dag alle bygga brukt og innreia og forsøkt leigd ut som overnattingsstad. Det er viktig å presisere den korrekte planlagt bruk av bygga slik at infrastruktur og tilrettelegging kan gjerast i samsvar med bruksmønster. Det vil også regulere betre kva påkjenning utbygginga vil ha i området. Oppsummert er dei kritiske til</p> <p>- Saksgangen med høyringsfrist i felles ferien</p>	<p>er m.a. samfunnsdelen som stadfestar at Kråko skal vera ein destinasjon, og at det såleis er behov for andre og nye areal om ein skal få dette til. Kråko utvikling ønskjer at Kråko skal ha fleire bein å stå på og halde på dei lokale næringsverksemdene ELØ/såpekokeri som er i området. Det er dermed søkt andre typar føremål og bruksområde enn i gjeldande planverk. Når ein først tek i bruk naturområde har tiltakshavar vore opptatt sikre tilgjenge og ålmenn bruk av områda, noko som veg noko opp for arealbeslaget. Sjøområdet på innsida av holmen vil kunne verta bruk slik som i dag til umotorisert ferdsel og opphald. Det er ikkje opna for tiltak i den nære strandsona utover arealet for småbåthamn (bygg og brygge til sjølve hamna). Utleiehyttene er trekt inn på land, og det er opna for å tilrettelegg med sti nærmare sjøen. I dag er dette området mindre tilgjengeleg for folk pga. topografi og vegetasjon. Avstand mellom hamneføremålet, arealgrensa, i sjø for flytebrygger og gnr. 61/195 er om lag 50 meter i revidert planforslag. Hamna er flytta frå</p>	
--	--	---	--

- Mangel på informasjon i prosessen og falske premisser for dei som allereie har kjøpt hytte eller tomt
- Naturmangfald er ikkje teke i vare og strandsona vert øydelagt
- Nedbygging av dei to friluftsområda i aust til hytter, hotell/næring og Signalbygg
- Utbygging av gjestehamn
- Gangveg TV4 langs sjøen mot Hellandsfjorden

holmen i revidert forslag for m.a. gi betre tilflott og tilgang til kanalen. I kart under 1) plassering til høyring og 2) revidert planforslag.



Det er nytta arkitektfagleg kompetanse for å fastsette plassering av tomter og byggehøgde for å tilpasse nye tiltak. Det er tydelege føringar i føresegnene til kvalitet og utforming. Føresegnene er tydeleg på kva type føremål og dermed bruk det skal vera i dei ulike delområda. Utbygginga mot Hellandsfjorden opnar område som er i mindre grad brukt i dag. Dei nye tiltaka vil medføre til auka menneskeleg aktivitet i området ifht. dagens situasjon. Det er elles på Kråko mange tiltak, samt det store settefiskanlegget ved Kjærelva som er vendt mot Hellandsfjorden. Ein har vurdert

			at verknaden av småbåthamn og utleiehytter vil vera negativt for landskap, natur og friluftsliv, men avgrensa med tanke på sumverknad. Ein har i dialog med Statsforvaltar endra ein god del på utbyggingsføremåla mot Hellands-fjorden og basert på den dialogen har ein ikkje ønske om å endre meir i planframlegget til vedtak.	
12	Geir Inge Hauge 31.08.2022	Vi ber om at det høyeste naustet nærmest vår tomt med kote 8 blir trukket lenger vest mot UNB2, slik at vi ikke får en stor vegg mot vår hytte og tomt som vil forringe vår tomt. Det nærmeste naustet mot vår tomt vil da få kote 6. Ber om at dette blir tatt hensyn til og tatt til følge vedr utbyggingen av naustene i UNB3.	Reguleringsplan for Kråko er stadfesta 24.09.2003 og delplan Steingardsneset vedtatt 21.04.2010. Etter gjeldande planar kan ein her oppføra 7 strandhus og 8 brygger (4 doble). Gjeldande delplan er synt i kart under. Vidare er forhold til byggehøgde samanlikna med dagens delplan og planforslaget. Dette viser at planforslaget regulerer vesentleg lågare byggehøgde og ikkje tettande på naboeigedom enn dagens delplan gjer. Planforslaget er difor ikkje endra på.	Administrasjonen er einig med tiltakshavar om byggehøgder i gjeldande og ny plan. Medfører ingen nye endringar i planen.

			 <table border="1" data-bbox="1265 563 1686 691"> <thead> <tr> <th colspan="2">Byggehøde i hht vedtatt delplan:</th> <th>Forslag ny plan:</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Tomt 18</td> <td>12,62</td> <td>12,00</td> </tr> <tr> <td>Tomt 20</td> <td>9,90</td> <td>UNB2:</td> </tr> <tr> <td>Tomt 21</td> <td>10,01</td> <td>Max byggehøgd variere mellom kote +7 og +9</td> </tr> <tr> <td>Tomt 22</td> <td>10,91</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Tomt 23</td> <td>10,91</td> <td>UNB3:</td> </tr> <tr> <td>Tomt 24</td> <td>10,91</td> <td>Max byggehøgd kote +7 og +8</td> </tr> <tr> <td>Tomt 25</td> <td>11,50</td> <td></td> </tr> <tr> <td>Tomt 26</td> <td>12,33</td> <td></td> </tr> </tbody> </table>	Byggehøde i hht vedtatt delplan:		Forslag ny plan:	Tomt 18	12,62	12,00	Tomt 20	9,90	UNB2:	Tomt 21	10,01	Max byggehøgd variere mellom kote +7 og +9	Tomt 22	10,91		Tomt 23	10,91	UNB3:	Tomt 24	10,91	Max byggehøgd kote +7 og +8	Tomt 25	11,50		Tomt 26	12,33		
Byggehøde i hht vedtatt delplan:		Forslag ny plan:																													
Tomt 18	12,62	12,00																													
Tomt 20	9,90	UNB2:																													
Tomt 21	10,01	Max byggehøgd variere mellom kote +7 og +9																													
Tomt 22	10,91																														
Tomt 23	10,91	UNB3:																													
Tomt 24	10,91	Max byggehøgd kote +7 og +8																													
Tomt 25	11,50																														
Tomt 26	12,33																														
<p>13</p>	<p>Statsforvaltaren i Vestland, 19.10.22 Dialogmøte avhold. Fekk utsatt høyringsfrist til etter dialogmøtet.</p>	<p>Det er gjennomført dialogmøte 01.09.2022. I møtet september 2022 ba kommunen om vidare dialog om planframlegget.</p>		<p>Kommunen har hatt møte med tiltakshavar kring motsegna til Statsforvaltaren og kom med tilrådingar for å løyse motsegna. Tiltakshavar ønskjer vidare dialog med Statsforvaltaren. Kommunen vidareformidla ønskje om nytt dialogmøte med Statsforvaltaren etter møtet.</p>																											
<p>14</p>	<p>Statsforvaltaren i Vestland, 19.10.22 Nytt dialogmøte avhold. Sendte referat etter møtet</p>	<p>Det er gjennomført nytt dialogmøte 05.02.2023. SFVL har trekt motsegna med grunnlag i dialogmøte januar 2023 og i brev datert 10.02.2023</p>	<p>Det er gjennomført dialogmøte med referat. Viser til brev frå tiltakshavar datert 04.01.2023 som skildrar motsegnspunkta og kva endringar ein vil gjera i planframlegget.</p>	<p>Tiltakshavar sendte notat til kommunen 04.01.23 med omfattande endringar som grunnlag for ny dialog med Statsforvaltaren. Administrasjonen vurderer at det er gjort gode grep og ei stor nedskalering i planen på motsegnspunkta til Statsforvaltaren. Kommunen</p>																											

				vidaresendte dette notatet til Statsforvaltaren. Statsforvalteren trekkjer motsegna i dialogmøtet den 05.02.23
--	--	--	--	---

Vurderingar av planframlegget:

Etter administrasjonen sine planfaglege vuredningar, høyringsrunden, motsegn og dialog med Statsforvaltaren er planframlegget justert, endra og nedskalert til eit godt gjennomarbeidd og utgreidd planframlegg. For Fitjar er det viktig at Kråko framstår som eit attraktivt hytteområde med skånsom utbygging og gode kvalitetar for opphald og naturopplevingar både i strandsonen, i sjøen og på land. Planen må også sjåast i samanheng med pågåande reguleringsendring for den tilgrensande planen for Vesthaugane.

Nasjonalt resultatmål er at fritidsbebyggelse skal lokaliserast og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk (T1450 Planlegging av fritidsbusei, Miljøverndepartementet)

Port Steingardseid er eit tydeleg sentrum i Kråko med landsbypreg og næring som kafé, såpefabrikk og bryggeri, i tillegg til at området er mykje nytta ved utandørs kulturarrangement. Det er naturleg med ei ganske tett utbygging i denne «landsbyen» i Kråko, også i strandsona, men samstundes viktig med god tilkomst til sjø for ålmenta.

Den europeiske landskapskonvensjonen, som tredde i kraft 01.03.2004, inneber at Noreg forpliktar seg til å leggja vekt på og ta omsyn til landskapet i all planlegging. Dette vil vera eit særskilt viktig omsyn i mange hyttesaker, fordi hytter ofte vert plassert i særleg verdfulle eller eksponerte landskap.

Kommunedirektøren sine avsluttande vurderingar og konklusjon:

Kommunedirektøren er positiv til denne fortettinga. Tiltakshaver har gjort vesentlege og gode justeringar av planframlegget etter administrasjonen sine tilbakemeldingar, merknader i høyringsprosessar og dialog med statsforvaltaren. Kommunedirektøren meiner derfor at planen kan eigengodkjennast med dei endringar som er gjort etter offentleg ettersyn.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret i Fitjar å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar Detaljregulering for Port Steingardseid del av gnr/bnr 61/348 m.fl. planID 4615_202104 med plankart revidert 03.01.23, føresegner revidert 16.02.23 og planomtale med ROS-analyse revidert 22.02.2023 vert godkjent.

Denne detaljreguleringa erstattar/opphevar fylgjande reguleringsplanar:

Port Steingardseid, med PlanID 4615_201104 (heile planen)

Kråko, med PlanID 4615_200304 (del av planen)

og fylgjande delplanar:

Delplan nr 6 Streingardsneset (deler av planen)

Delplan nr 10 Høgakråko (heile planen)

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova § 12-12.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 09.03.2023

Behandling:

Avd. leiar plan og utvikling Øystein Sørli orienterte om arbeidet med planen etter førre handsaming i utvalet.

Utvalet drøfta saka, administrasjonen svara på spørsmål.

Tilråding til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar Detaljregulering for Port Steingardseid del av gnr/bnr 61/348 m.fl. planID 4615_202104 med plankart revidert 03.01.23, føresegner revidert 16.02.23 og planomtale med ROS-analyse revidert 22.02.2023 vert godkjent.

Denne detaljreguleringa erstattar/opphevar fylgjande reguleringsplanar:

Port Steingardseid, med PlanID 4615_201104 (heile planen)

Kråko, med PlanID 4615_200304 (del av planen)

og følgjande delplanar:

Delplan nr 6 Streingardsneset (deler av planen)

Delplan nr 10 Høgakråko (heile planen)

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova § 12-12.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 15.03.2023**Behandling:**

Representanten Bård Inge Sørfonn (KRF) orienterte om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fitjar kommunestyre stadfestar Detaljregulering for Port Steingardseid del av gnr/bnr 61/348 m.fl. planID 4615_202104 med plankart revidert 03.01.23, føresegner revidert 16.02.23 og planomtale med ROS-analyse revidert 22.02.2023 vert godkjent.

Denne detaljreguleringa erstattar/opphevar fylgjande reguleringsplanar:

Port Steingardseid, med PlanID 4615_201104 (heile planen)

Kråko, med PlanID 4615_200304 (del av planen) og følgjande delplanar:

Delplan nr 6 Streingardsneset (deler av planen)

Delplan nr 10 Høgakråko (heile planen)

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningslova § 12-12.

Gjermund Hagesæter
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.